



VATN OG AVLØP I KOVSTULHEIA-RUSSMARKEN

Informasjonsskriv til hytteeigarar og utbyggerar innafor Kovstulheia-Russmarken Reinsedistrikt



Foto: Oddgeir Kasin.

Hjartdal kommune og Russmarken VA AS har som målsetting å ivareta naturopplevinga for området.

Innleiing

Hjartdal kommune og Russmarken VA AS vil med dette skrivet til deg som er hytteeigar eller grunneigar i Kovstulheia-Russmarken reinsedistrikt informere om status og planar for vatn og avløp i området.

Utbygging av felles avløpsanlegg/reinseanlegg og vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken er eit omfattande prosjekt som har stor tyding og verdi for lokalsamfunnet, den enkelte grunneigar og hytteeigar.

Gjennom utbygging av denne viktige infrastrukturen ønskjer Hjartdal kommune å stadfeste og utvikle sin posisjon som ein framtidsretta og attraktiv hyttekommune.

Utbygging av større vatn- og avløpsanlegg er ei kommunal oppgåve. Hjartdal kommune har valt å organisere utbygginga gjennom eit heileigd kommunalt aksjeselskap - Russmarken VA AS.

- Hjartdal kommune som eigar og Russmarken VA AS som utbyggingsselskap samarbeidar tett om utvikinga i området.
- Oppgåva til Russmarken VA AS er å byggje ut og drifte avløpsanlegget i Kovstulheia-Russmarken reinsedistrikt. Selskapet vil ha det praktiske gjennomføringsansvaret og ha dialog med hytteeigarane i samband med utbygging og tilkopling.

Hjartdal kommune er forvaltningsmyndigheit etter lovverket og fastsett årleg kommunale tilkoplings- og årsavgifter for abonnentane.

FRAMDRIFT

Arbeidet så langt har vore knytt til formalitetar knytt til kommunen sin overtaking av eigarskapen av Russmarken VA AS. Alle formalitetar er nå på plass.

I tillegg har Hjartdal kommunestyre fatta nødvendige vedtak knytt til refusjon av meirverdiavgift for leidningsnett og kommunale avgifter (sjå nedafor).

Når det gjeld sjølve utbygginga så er den i full gang. Hausten 2012 er det blitt arbeid med sjølve reinseanlegget og infiltrasjonsområdet i Russmarken.

Vinteren 2012/2013 vil det bli lagt hovudleidning mellom reinseanlegget og Toskjærvatnet.

Neste etappe av hovudleidningen - frå Toskjærvatn til Tuddal Høyfjellshotel er planlagt gjennomført i 2013. Det same gjeld feltutbygginga i Lønnås/Lislmarken og deler av Solheimsbeitet. Detaljprosjektering av dette skjer nå. Hjartdal kommune som bygningsmyndigheit skal godkjenne kvar enkelt feltutbygging.

Vidare framdriftsplan går fram av vedlagte kart med årstal for planlagt utbygging.

Russmarken VA as vil ta kontakt med kvar enkelt hytteeigar og grunneigar i god tid før utbygginga i dei enkelte felte startar. Dette gjeld både hytteeigarar som er forplikta til å kople seg på og hytteeigarar som har hytter med enkel sanitær standard.

AVLØPSANLEGGET ER REFUSJONSPLIKTIG

Hjartdal kommunestyre har vedteke at avløpsanlegget er refusjonspliktig etter plan- og bygningslova. Dette er stadfesta av Fylkesmannen i Telemark etter at nokre klaga på kommunestyret sitt vedtak.

At avløpsanlegget er refusjonspliktig inneber at de som er pliktige til å kople dykk på og er friteken for meirverdiavgift på refusjonsbeløpet for leidningsnett.

Dette gjeld:

- hytteeigarar som i dag har godkjent, midlertidig utslippsløyve
- grunneigarar som på vedtakstidspunktet har tomter/utbyggingsområde regulert til høg sanitær standard.

Til sammen er omlag 500 einingar omfatta av refusjonsvedtaket med mva-fritak på leidningsnett.

KOSTNADAR FOR DEN ENKELTE

EINGOGNSUTGIFTER:

Hytteeigarar som har midlertidig, godkjent utslipp

Dette gjeld hytteeigarar som har vatn innafor husvegg og som har godkjent (midlertidig) utslipp til tett tank. Denne gruppa blir omfatta av refusjonsvedtaket som er omtalt ovafor.

Kostnadene for kvar enkelt hytteeigarar blir:

Hovudleidningsnett	17.000,-	Refusjon utan mva – er omfatta av refusjonsvedtaket
Leidningsnett i hyttefelt	Frå 55.000,- til 70.000,-	Refusjon utan mva – er omfatta av refusjonsvedtaket
Reinseanlegget	Kr 23.750,-	Tilknytingsgebyr med mva – kr 19.000,- +25% - basera på kommunens gebyrregulativ
SUM	Frå 95.750,- til 110.750,-	Avhengig av kva for hyttefelt hytta ligg i

Desse hytteeigarane vil motta to fakturaer. Russmarken VA AS sender faktura på dei to refusjonsbeløpa som gjeld leidningsnett, medan kommunen vil fakturerer tilknytingsbeløpet til reinseanlegget.

Hytteigarar med låg sanitær standard i dag òg som friviljug ønskjer å kople seg på anlegget

Det er Hjartdal kommune som fastsett storleiken på tilknytingsavgifta

Hovudleidningsnett	17.000,-	Tilknytingsgebyr pluss mva – er omfatta av kommunens gebyrregulativ
Leidningsnett i hyttefelt	60.000,-	Tilknytingsgebyr pluss mva – er omfatta av kommunens gebyrregulativ
Reinseanlegget	19.000,-	Tilknytingsgebyr pluss mva – er omfatta av kommunens gebyrregulativ
SUM	96.000,- + mva = Kr 120.000,-	Gjeld alle hyttefelt

Desse hytteeigarane vil motta ei faktura på heile beløpet frå kommunen.

ÅRSAVGIFT

Kommunestyret fastsett årleg årsavgift for avløp. For 2013 har kommunestyret vedteke ei årsavgift på kr 5.730,- + mva = kr 7.162,50,-.

Dette gjeld alle fritidseigedomar i kommunen. Kommunen krev inn årsavgifta.

PRISENDRINGAR

Beløpa over er fastsett på bakgrunn av sjølvkostprinsippet. Det inneber at Hjartdal kommune/Russmarken VA AS verken subsidierar eller tener pengar på drift og utbygging av anlegget.

Beløpa er rekna ut frå forventa utbyggingskostnadar for og forventa tilkopling til anlegget fram til år 2040.

Dersom utbyggingskostnaden blir høgare eller talet på abonnentar færre enn det som ligg til grunn i prognosane blir refusjonsbeløpa regulert i høve til reglane i plan- og bygningslova. Russmarken VA AS må leggje fram revisorgodkjent rekneskap for kvart enkelt felt. Dersom kostnadane blir høgare enn berekna, kan selskapet maksimalt auke refusjonsbeløpet med 15%.

I medhald av plan- og bygningslova kan Russmarken VA AS indeksregulere refusjonsbeløpet frå vedtaksdato 13.06.12 fram til det ligg føre godkjent rekneskap.

Dersom kostnaden med utbygginga blir lågare enn berekna er Russmarken VA AS pliktig til å betale differansen tilbake til abonnentane.

Lovverket er såleis med på å sikre deg som hytteeigar ein føreseieleg økonomi.

Grunneigarar med tomter som er omfatta av refusjonssaka

Innafor reinsedistriktet er grunneigarar med til saman 499 tomter berørt, og refusjonsbeløpa vil på same måte som for hytteeigarar måtte betalast. Endeleg storleik på refusjonsbeløpet, reknast ut på same måte som for hytteeigarar.

I nokre område vil det være naudsynt å inngå samarbeidsavtale med grunneigarar. Dette gjeld område der det i dag er få, kanskje ingen tomter som er bygd ut. Russmarken VA as er i ferd med å få utarbeidd ei standard avtale til dette føremålet. Interesserte grunneigarar kan ta kontakt med Russmarken VA as.

VASSFORSYNING

Frå både hytteeigarar, HAU (Hytteigaranes Avløpsutval) og Russmarken VA as har det blitt stilt spørsmål ved om dagens vassforsyning med fjellbrønner, på sikt er god nok med tanke på både kapasitet og kvalitet.

Hjartdal kommune har på bakgrunn av dette fått utarbeid ein vassforsyningsplan for Kovstulheia-Russmarken.

Sweco as som sto for utgreiinga, konkluderte eintydig med at det burde bli etablert ei felle vassforsyning for området med Sjøvatn som kjelde.

Hjartdal formannskap tilrår følgjande innstilling til Hjartdal kommunestyre om vassforsyning:

1. *Kommunestyret ser på Kovstuleheia-Russmarken som eit prioritert utbyggingsområde.*
2. *Kommunestyret ser at felles vassforsyning i Kovstuleheia-Russmarken er nødvendig for sikre ein trygg og stabil vassforsyning i området.*
3. *Kommunestyret ber rådmannen om å søke NVE om konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn.*
4. *Kommunestyret pålegg Russmarken VA AS (RVA) å leggje til rette for vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken i samband med den pågåande kloakkutbygginga.*
5. *Kommunestyret stiller dei nødvendige kommunale lånegarantiar til RVA som er nødvendige for å gjennomføre utbygging.*
6. *Kommunestyret legg til grunn at utbygginga skal finansierast ved 100% sjølvkost og tvungen påkopling i vassforsyningsområdet.*

Saka vil bli handsama i kommunestyremøte den 30.01.2013.

Russmarken VA as tar allereie no høgde for at det blir ei felles vassforsyning og legg -derfor nedvassleidning i samband med avløpsutbygginga. Meirkostnadene dette måtte føre til vil ikkje bli belasta avløp, men vil inngå i reknestykket for vassforsyning viss/når dette blir realisert.

INFORMASJON OG SPØRSMÅL

Meir informasjon om utbygging av avløpsanlegg og vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken vil du finne på våre nettsider www.russmarkenva.no og www.hjartdal.kommune.no

Du kan òg kontakte:

Russmarken VA as

Knut Olsen, dagleg leiar

Tlf. 35028087/95838405

E-post: knut.olsen@russmarkenva.no

Hjartdal kommune

Servicekontoret

Tlf 35 02 80 00

E-post: postmottak@hjartdal.kommune.no